



NORDFJORDRÅDET

Samarbeidande kommunar i Nordfjord
Bremanger –Eid-Gloppen-Hornindal-Selje-Stryn-Vågsøy



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 4

6863 LEIKANGER

Vår ref.
14/1405-3/K2-N02//KDA

Dykkar ref.

Dato:
23.09.2014

HØYRINGSUTTALE FRÅ NORDFJORDRÅDET OG HELSE FØRDE OM SJUKEHUSBUSSEN - KREV RUTE TIL SELJE OG NORDFJORD SJUKEHUS

Nordfjorrådet og Helse Førde gjev med dette ei felles uttale til Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt høyringsbrev om ruteendringar gjeldande frå 1. mai 2015.

Nordfjorrådet og Helse Førde ber om at Sjukehusbussen sitt rutetilbod vert endra frå 1. mai 2015.

Vi viser til at Sjukehusbussen er ei bussrute som er særskilt tilpassa sjuketransport, og meiner at det då både er naturleg og nødvendig at Sjukehusbussen, i alle sine ruter, stoggar ved Nordfjord sjukehus for av- og påstigning. Sjukehusbussen må vidare ha stoggestad i Selje, for av- og påstigning.

Nordfjorrådet og Helse Førde ber difor om at Selje og Nordfjord sjukehus vert lagt inn som stoppestad for alle av Sjukehusbussen sine ruter frå 1. mai 2015.

Vi ber vidare om at Sjukehusbussen, med alle sine ruter, går året gjennom. Når bussen skal tene som sjuketransport er det ikkje akseptabelt at bussen ikkje går når skulane har sommarferie, slik situasjonen er i dag.

Nordfjorrådet og Helse Førde ynskjer å drøfte denne saka nærare med fylkeskommunen, og ber difor om eit møte med samferdsleavdelinga.

Postadr.:
Rådhusvegen 11
6770 Nordfjordeid
Kontoradresse:
Rådhusvegen 11
org.nr: 938521816

Telefon:
57 88 58 00

Telefaks:
57 88 58 01

Bankgiro:
3790.07.00130
5398.05.01120

E post:
post@eid.kommune.no

Av omsyn til framdrifta i saka og saka si opplysninga, så ber vi om at møtet vert gjennomført i god tid før samferdsleavdelinga ferdigstillar saka for politisk handsaming.

Vi ber om at de tek kontakt så snart de har motteke høyringsuttalen, slik at endeleg møtetidspunkt kan avtalast.

Med helsing

Ottar Nygård (sign.)
Ordførar Selje

Morten Hagen (sign.)
Ordførar Vågsøy

Alfred Bjørlo (sign.)
Ordførar Eid

Anders Ryssdal (sign.)
Ordførar Gloppen

Anne Britt Nygård (sign.)
Ordførar Hornindal

Sven Flo (sign.)
Ordførar Stryn

Terje Ulvedal (sig.)
Kommunikasjonssjef
Helse Førde